
Fra: Overvoll, Olav <fmhoov@fylkesmannen.no>
Sendt: mandag 19. august 2019 13:05
Til: Sondre Skeie
Kopi: ErikAndreas.Tvedt@bkk.no; Postmottak Lindås
Emne: SV: Verneverdig eikeskog

Hei!

Viser til e-post av 15. august, med spørsmål om «hole eiker».

I følgje Naturbase, står det minst seks «forskriftseiker» ned mot Fjellangepollen. Dei er ikkje merka av og omtalt kvar for seg, men er nemnde under lok. nr. BN00015021 i Naturbase (<https://faktaark.naturbase.no/?id=BN00015021>).

«Hole eiker» er ikkje freda, men er omfatta av naturmangfaldlova Kapittel VI og tilhøyrande forskrift (Forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfoldlova).

Flytting av 22 KV kraftlinjer er omfatta av offentleg sakshandsaming, og er meldepliktig. Dette betyr at tiltaket må meldast til kommunen, og kommunen må gi ein uttale basert på naturmangfaldlova, før tiltaket eventuelt kan gjennomførast.

Dersom ein planlegg å gjere tiltak som berører «hole eiker», må det gjerast ei vurdering av treet/trea sin verdi for naturmangfaldet i forhold til kor viktig det planlagte tiltaket er. Ein tommelfingerregel er at jo eldre og større eika er, og jo mindre samfunnsnyttig tiltaket er, jo tyngre vil omsynet til treet vege.

Det bør utarbeidast ei skriftleg vurdering av kva konsekvensane tiltaket vil få for hole eiker i området. Kvart enkelt tre sin verdi for naturmangfaldet må vurderast av person med biologisk fagkompetanse. Stammeomkrins i brysthøgde må målast, og det må vurderast om treet er synleg holt eller om det har andre strukturar (grov sprekkebark eller mykje død ved) som gjer det biologisk interessant, og om det er sannsynleg at treet er veksestad for sjeldne artar. «Forskriftseiker» må visast på kart, med grunnlag i flyfoto og/eller på grunnlag av posisjon tatt med GPS. Når trea sin verdi er kjend, må ein vurdere kva konsekvensar tiltaket vil få for dei aktuelle trea og for eikebestanden i området, totalt sett. Deretter må verdien for naturmangfaldet vegast opp mot kor viktig tiltaket er.

Ein skal, så langt som råd, unngå å felle hole eiker. Det bør gjerast tilpassingar slik at flest mogleg av dei «hole eikene» kan bli ståande (jf. § 12 i naturmangfaldlova). Om justering av tiltaket ikkje lar seg gjøre, bør ein vurdere å beskjere heller enn å felle, om dette er praktisk mogleg.

Om felling blir aktuelt, og eigar ikkje ønskjer å bruke vyrket sjølv, bør trestammen leggjast att på staden for naturleg nedbryting.

Info om hole eiker og regelverk knytt til dette finst på <https://www.hule-eiker.no/>

Med venleg helsing

Olav Overvoll
seniorrådgjevar



Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 23 15

E-post: fmhooov@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/vl